

Flott start på handballsesongen av HU-laget!

22.10.2014



Ekte jubel og glede. Frå venstre: Morten Vevatne(trenar), Martin Teigen, Espen Olav Øydvin, Torolf Bondhus, Jarl Robin Skram, Eirik Nordal, Ståle Mehl og Evy Janne Nordal(lagleiar). Framme f.v.: Jan Tore Johnsen, Lise Bråtun, Maud Sivertsen og Ulrikke Vik.(Klikk på bildet så vert det større)

**Det var særdeles god stemning i Husnes-hallen laurdag då HU-laget til Kvinnherad Handballklubb innleia kampsesongen. Spelarane på laget imponerte med god lagånd og imponerande spelehumør, og det resulterte i to sigrar. 15-12 og 19-16 vart sigersifrane i dei to underhaldande kampane.**

No er stemningen i laget topp, men det var atskilleg dystrare i sommar. Då stod laget utan både trenar og lagleiar. Etter aktiv jobbing ordna dette seg ved at Morten Vevatne tok på seg trenaroppgåva og Evy Janne Nordal kom tilbake som lagleiar etter eit par års pause. Dette er ei super løysing som det er tydeleg at både leiarane og spelarane storlivest med.

Då eg snakka med nyetrenar Vevatne etter kampen, var han i strålande humør. Han storlivest i den nye rolla si. - Vi skal ha det kjekt både på trening og på kamp. Spelarane viste god lagånd og flott innsats. Dei spelte kvarandre gode, sa den fornøgde trenaren. Han fortalte også at det var fleire nye og ferske spelarar som debuterte laurdag. - Dei gjorde topp innsats, sa han samstundes som han understreka kor kjekt han syntest det var med den gode stemningen som var i hallen.

HU-laget er eit særskilt kjærkome tilbod. Nokre av spelarane bur i Uskedalen, og endå fleire har arbeidsplassen sin her.

Publikum var også svært fornøgd etter kampen. Følgjande utsegn frå ein ungdom understrekar det: - Dette var GØY. Eg skal i alle fall på neste kamp òg! På slike kampar får ein verkeleg oppleve ekte idrettsglede!



Det var mykje å jubla for i kampane!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Marius Nisestad.